

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I UTDANNINGSFORBUNDET ØYGARDEN

fredag 8. mars 2024 kl. 1800-1945 på Scandic City Bergen

Det møtte til saman 180 røysteføre medlemmer.

Sak 1 Konstituering

1.1 Godkjenning av innkalling

Innkallinga vart samrøystes godkjend.

1.2. Val av dirigentar

Aud Karin Oen og Cathrine Olsen vart samrøystes valde.

1.3. Val av referent

Hallgeir Dale vart samrøystes vald.

1.4. Val av protokollunderskrivarar

Anne Hufthammer og Nina Løvik vart samrøystes valde.

1.5. Sakliste

Saklista vart samrøystes godkjend.

1.6. Godkjenning av møtereglement

Reglementet vart samrøystes godkjent med tillegg om at dei som hadde framlegg til fråsegner fekk inntil 4 minutt taletid.

1.7. Godkjenning av valreglement

Reglementet vart samrøystes godkjent.

1.8. Val av møtefunksjonærar/teljekorps

Elisabeth Hummelsund, Veronica Iversen og Nina Zandstra vart samrøystes valde.

Sak 2 Årsmelding og rekneskap frå styret

Begge dokumenta vart samrøystes godkjende.

Sak 3 Retningslinjer for arbeidet i komande årsmøteperiode

Styret sitt framlegg til retningslinjer vart samrøystes vedteke.

Sak 4 Budsjett

Styret sitt framlegg til budsjett vart samrøystes vedteke.

Sak 5 Innkomne saker

5.1. Saker frå Tranevågen ungdomsskule

- a) Om øvre grense for kor mange ein kan vera kontaktlærer for.
Det vart samrøystes vedteke at saka vert send til fylkesstyret, styret i Utd.forb. Øygarden og dei hovudtillitsvalde. Saka vert også løfta fram neste gong lønspolitisk plan i Øygarden skal reviderast.
- b) Om meir avsett tid til kontaktlærarar.
Det vart samrøystes vedteke at saka går til lokallagsstyret for vidare handsaming.
- c) Om godkjenning av lønsansiennitet frå teneste i privat sektor.
Det vart samrøystes vedteke at dette kjem med i handlingsplanen i styret og vert sendt til dei hovudtillitsvalde.
- d) Om representasjon i styret.
Det vart samrøystes vedteke å avvise framlegget med den grunngjevinga at dette krev endring av Utdanningsforbundet sine vedtekter, noko som berre kan gjerast av landsmøtet.

5.2. Sak frå Fjell ungdomsskule

Om betre vilkår for kontaktlærarar.
Det vart samrøystes vedteke at styret og dei hovudtillitsvalde skal arbeida med dette lokalt og freista å påverka nasjonalt i dei fora ein kan. Saka vert og send til fylkesstyret.

5.3. Sak frå Stranda barnehage

Om auka bemanning i barnehagar.
Det vart samrøystes vedteke å senda framlegget til styret for å verta teke inn i handlingsplanen.

5.4. Sak frå Ulveset skule

Om likt kontaktlærartillegg for alle i Øygarden kommune.
Det vart samrøystes vedteke å senda saka til fylkesstyret, styret i Utd.forb. Øygarden og dei hovudtillitsvalde. Saka vert også løfta fram neste gong lønspolitisk plan i Øygarden skal reviderast.

Sak 6 Fråsegner

6.1. Frå styret

Om tariff 24 og vegen vidare.
Fråsegna vart samrøystes vedteken og send til sentralstyret og fylkesstyret.

6.2. Frå Vibecke Hodnekvam

Om ufaglærte i skulen.
Fråsegna vart samrøystes vedteken og send til kommunestyret og media.

6.3. Frå Vibecke Hodnekvam

Om plantid i barnehagen.
Fråsegna vart samrøystes vedteken og send til kommunestyret.

6.4. Frå Vibecke Hodnekvam

Om plantid i barnehagane.

Fråsegna vart samrøystes vedteken og send til kommunestyret.

6.5. Frå Jane Føllesdal

Om tid og tillit.

Fråsegna vart samrøystes vedteken og send til utdanningsministeren, kommunestyret og media.

6.6. Frå Stranda skule

Om særskild tildeling av ressursar til spesialundervisning.

Fråsegna vart samrøystes vedteken og send til kommunestyret.

6.7. Frå Cathrine Olsen

Om bemanning og tid til dei minste.

Fråsegna vart samrøystes vedteken og send til kommunestyret og lokallagsstyret for å verta teken inn i handlingsplanen.

Sak 7 Val av alternativ innanfor vedtektene

Det låg føre følgjande framlegg:

«Styret føreslår at det på årsmøtet 2025 vert vald 9 medlemmer til styret. Valnemnda må då gjera si innstilling i forhold til det.»

Dette inneber ein reduksjon frå 11 i styret.

Styret sitt framlegg vart vedteke mot 19 røyster.

Sak 8 Val

8.1. Val av tillitsvalde etter Hovudavtalen

Her hadde 161 av dei frammøtte røysterett.

Jane Føllesdal vart samrøystes vald til HTV 2 for grunnskule for 2 år.

Kari Lønningen vart samrøystes vald til vara-HTV for barnehage for 2 år.

8.2. Val av leiar

Her og i dei følgjande vala hadde alle 180 røysterett.

Aud Karin Oen vart samrøystes vald til leiar for 1 år.

8.3. Val av styremedlemmer

Desse vart valde for 2 år:

Franziska Grutte, Hege Beate Haatuft Hagen, Vibecke Hodnekvam og Even Melheim

Mulelid. Merete Nygård Ingebrigtsen vart vald for 1 år. Alle vala var samrøystes.

Dei andre styremedlemmene var ikkje på val.

8.4. Val av varamedlemmer til styret

Kari Lønningen vart samrøystes vald til 2. varamedlem for 2 år.

Christina Andreassen vart samrøystes vald til 3. varamedlem for 2 år.

1.varamedlem var ikkje på val.

8.5. Val av valnemnd

Desse vart valde for 1 år:

Nils Arthur Amundsen, Silje-Margrethe Tansøy Austevoll, Kristine Berdal, Hallgeir

Dale,

Ellen Kvebæk, Trine Omland og June Beth Wenberg.

Merethe Nilssen vart vald til 1. vara.

Nina Gregersen vart vald til 2. vara.

Miriam Blomvågnes vart vald til 3.vara.

Dei 7 faste medlemmene vart valde i blokk. Varamedlemmene vart valde kvar for seg.

Alle vala var samrøystes.

Møtet var slutt kl. 1950.

Hallgeir Dale
referent

Anne Hufthammer

Nina Løvik